



Murbygget på Brekktoppen vert lagt ut for sal innan ei veke.

**Det er no kjend at det brannskada huset på Brekktoppen vert lagt ut for sal om ei veke. Responsa vil stå for salet. Uskedalen.no har snakka med advokatfirma Responsa i dag og det vert stadfesta at meglar klargjer for annonsering og utlegging på Finn.no.**

Det store murbygget på Brekktoppen har vore avstengd og sikra sidan brannen for eit år sidan. Salet vert definert som eit tvangssal. Huset vert med andre ord seld slik det står i dag. Meglar treng om lag ei veke før det føreligg eit prospekt og eit formelt sal.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringdal



Det er alt kome plakat på bygget med advokatfirma Responsa som meglar.